

**Årsrekneskap 2013  
for  
Sparebankstiftinga Hardanger**

**Organisasjonsnr. 997534492**

**Utarbeidet av:**

Hardanger Økonomiservice AS  
Autorisert regnskapsførerselskap  
Postboks 40  
5786 EIDFJORD  
Organisasjonsnr. 986173943

## Resultatrekneskap

	Note	jan-des 13	jan-des 12
<b>DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
<b>Driftsinntekter</b>			
Salsinntekt	1	0	19 710
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>0</b>	<b>19 710</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Lønnskostnad	2	1 469 967	505 797
Avskrivning på varige driftsmiddel	3	79 090	0
Annan driftskostnad	2	607 858	360 763
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>2 156 915</b>	<b>866 560</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>(2 156 915)</b>	<b>(846 850)</b>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
<b>Finansinntekter</b>			
Verdiauke marknadsb. finansielle oml.m.	4	759 209	0
Gevins sal av grunnfondsbevis		4 537 042	0
Utbytte egenkapitalbevis	1	24 010 985	9 022 310
Anna renteinntekt		2 625 572	2 489 005
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>31 932 808</b>	<b>11 511 315</b>
<b>NETTO FINANSPOSTAR</b>		<b>31 932 808</b>	<b>11 511 315</b>
<b>ORDINÆRT RESULTAT</b>		<b>29 775 893</b>	<b>10 664 465</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>29 775 893</b>	<b>10 664 465</b>
<b>OVERF. OG DISPONERINGAR</b>			
Tilført gåvefond		10 000 000	9 000 000
Overføringar annan eigenkapital		19 775 893	1 664 465
<b>SUM OVERFØRINGAR OG DISPONERINGAR</b>		<b>29 775 893</b>	<b>10 664 465</b>

**Balanse pr. 31. desember 2013**

	Note	jan-des 13	jan-des 12
<b>EIGEDELAR</b>			
<b>ANLEGGSMIDDEL</b>			
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontorm.	3	592 741	0
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>592 741</b>	<b>0</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Eigenkapitalbevis Sparebanken Vest	1	304 926 088	340 686 546
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>304 926 088</b>	<b>340 686 546</b>
<b>SUM ANLEGGSMIDDEL</b>		<b>305 518 829</b>	<b>340 686 546</b>
<b>OMLØPSMIDDEL</b>			
<b>Fordringar</b>			
Andre kortsiktige fordringar		37 427	0
<b>Sum fordringar</b>		<b>37 427</b>	<b>0</b>
<b>Investeringar</b>			
Marknadsbaserte obligasjonar	4	80 759 209	0
<b>Sum investeringar</b>		<b>80 759 209</b>	<b>0</b>
Bankinnskot, kontantar o.l.	5	53 883 635	71 858 375
<b>SUM OMLØPSMIDDEL</b>		<b>134 680 271</b>	<b>71 858 375</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>440 199 100</b>	<b>412 544 921</b>

## Balanse pr. 31. desember 2013

	Note	jan-des 13	jan-des 12
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EIGENKAPITAL</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Grunnkapital	6,7	150 000 000	150 000 000
Annan innskoten eigenkapital	7	250 960 229	250 960 229
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>400 960 229</b>	<b>400 960 229</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Gåvefond	7	11 233 472	7 636 148
Annan eigenkapital	7	21 454 746	1 678 853
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>32 688 217</b>	<b>9 315 000</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL</b>		<b>433 648 446</b>	<b>410 275 229</b>
<b>GJELD</b>			
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld		16 624	0
Skuldig offentlege avgifter		84 963	54 692
Kortsiktig gjeld		94 066	0
Løyvde, ikkje utbetalte gáver	8	6 355 000	2 215 000
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>		<b>6 550 653</b>	<b>2 269 692</b>
<b>SUM GJELD</b>		<b>6 550 653</b>	<b>2 269 692</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>440 199 100</b>	<b>412 544 921</b>

Kinsarvik, 12. februar 2014



Borghild Storaas Ones

Styreleiar



Per Berge

Nestleiar



Vidar Riber

Styremedlem




Torgils L. Jåstad

Styremedlem




Turid Dagrún Haugen

Styremedlem



Jakob Dyrkolbotn

Styremedlem



Gunnar Skeie

Dagleg leiar

## Notar 31.12.2013

### Regnskapsprinsipper

Rekneskapet er sett opp i samsvar med regnskapslova og god regnskapsskikk. Selskapet har vidare fulgt relevante vedtak i Norsk Regnskaps Standard utarbeida av Norsk Regnskaps Stiftelse.

### Omløpsmidler og kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling innan eitt år etter siste dag i rekneskapsåret. Omløpsmidlar vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og anteken verkeleg verdi (Lågaste verdis prinsipp).

Marknadsbaserte obligasjonar vert bokført til kursen ved periodeavslutning. Urealisert gevinst vert ført som inntekt og urealisert tap vert ført som kostnad.

Ombyttbare finansielle eignedelar vert tilordna kostpris etter FIFO-metoden

### Anleggsmidler og langsiktig gjeld

Anleggsmidlar omfattar eigedelar bestemt til varig eige og bruk for verksemda. Anleggsmidlar er vurdert til kostpris. Varige driftsmidlar vert ført opp i balansen og avskrivne over driftsmiddelets venta økonomiske levetid. Varige driftsmidlar vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som er venta ikkje å vere av forbigåande art. Nedskrivningar vert reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger finst å vere til stades.

Ombyttbare finansielle eignedelar vert tilordna kostpris etter FIFO-metoden

### Krav

Krav vert ført opp i balansen til pålydande etter frådrag for avsetnad til pårekeleg tap. Avsetnad til pårekeleg tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte krava.

### Skatt

Stiftinga er skattefrie i medhold av skattelovens §2-32 1. ledd.

**Notar 31.12.2013****Note 1 - Eigarkapitalbevis Sparebanken Vest**

	31.12.2013	31.12.2012
Antal eigenkapitalbevis Sparebanken Vest	8 604 394	9 604 394
Eigardel av eigenkapitalbevisa i Spb. Vest	27,09 %	30,24 %
Kostpris	304 926 088	340 686 546
Kurs på periodeavslutningstidspkt	45,30	29,70
Marknadsverdi	389 779 048	285 250 500
Balanseført verdi i rekneskapen	304 926 088	340 686 546
Urealisert verdiendring	84 852 960	-55 436 046

Sparebanken Vest vedtok den 20.03.2013 å betale ut kr 2,50 pr eigenkapitalbevis.

**Note 2 - Lønnskostnad**

Selskapet har hatt 1 årsverk i rekneskapsåret.

	I år	I fjor
Løn	1 246 567	392 500
Arbeidsgjevaravgift	151 395	41 605
Pensjonskostnader	70 033	0
Andre lønsrelaterte ytingar	1 972	71 692
<b>Totalt</b>	<b>1 469 967</b>	<b>505 797</b>

## Notar 31.12.2013

### Ytelser til leiander personar

	Løn	Anna godtgjering	Sum
Dagleg leiar	733 337	111 659	844 996
Styreleiar	80 000		80 000
Øvrige styremedlemmer	260 000		260 000
Leiar av generalfosamlingar	15 000		15 000
Øvrige tillitsvalde	35 000		35 000
Revisor for revisjon inkl mva	54 000		
Revisor for andre tenester inkl mva	14 000		

Selskapet har etablert ein pensjonsordning som tilfredstillar krav i lova om tenestepensjon. Ordninga er innskotsbasert.

### Note 3 - Avskrivning på varige driftsmiddel

Avskrivningstablå	Driftslausøyre i verktøy kontorm
Anskaffelseskost pr. 1/1	107 925
+ Tilgang	563 906
<b>Anskaffelseskost pr. 31/12</b>	<b>671 831</b>
Akk. av/nedskr. pr 1/1	0
+ Ordinære avskrivninger	79 090
<b>Akk. av/nedskr. pr. 31/12</b>	<b>79 090</b>
<b>Balansført verdi pr 31/12</b>	<b>592 741</b>
Procentsats for ord. avskr.	10-33

### Note 4 - Marknadsbaserte obligasjonar

Selskaper har plassert deler av likviditeten i renteobligasjonen. Det er låg risiko knytt til plasseringer i renteobligasjonar. Avkastningen gjennom året er realisert i form av at det er kjøpt fleire andeler for avkasninga. Kostprisen for årets kjøpte andeler er kr 80 000 000. Avkastninga er kr 759 209.

## Notar 31.12.2013

### Note 5 - Bankinnskot, kontantar o.l.

Skattetrekkinnskot utgjer pr 31.12. i år kr 56 691 og utgjorde pr 31.12. i fjor kr 45 125.

### Note 6 - Grunnkapital

Stiftinga sin grunnkapital er 6 mill eigenkapitalbevis i Sparebanken Vest. Pålydande ved etableringa av stiftinga var kr 25, tilsaman kr 150 000 000

### Note 7 - Annan eigenkapital

	Anna innskoten		Anna		Sum
	Grunnkapital	eigenkapital	Gåvefond	eigenkapital	
Verdiar 01.01.2013	150 000 000	250 960 229	7 636 148	1 678 853	410 275 230
Tildelte gåver 2013			-6 436 672		-6 436 672
Tilbakeførte gåver			33 996		33 996
Årets resultat			10 000 000	19 775 893	29 775 893
Verdiar 31.12.2013	150 000 000	250 960 229	11 233 472	21 454 746	433 648 447

### Note 8 - Oversikt gåver

	Pr 01.01.2013	Vedteke	Tilbakeførte	Utbetalt	Pr 31.12.2013
		i perioden	gåver	i perioden	
Fleirbrukshall Kinsarvik	-2 000 000	-2 000 000			-4 000 000
Ordførarkjede (1 stk)	-100 000			100 000	0
Utne Grannalag , nytt kjøken	-30 000			30 000	0
Espe Grannalag, nytt kjøken	-30 000				-30 000
Ålvik Idrettslag, div idrettsbaneprosjekt	-25 000			25 000	0
Voss Fjordhestlag, kjøp av hingst*	-20 000		20 000		0
Jondal kommune og næringsråd, skulptur*	-5 000		5 000		0
Vaksenopplæring i Ullensvang*	-5 000		5 000		0
Hardanger Regionkorps-felles samling	0	-30 000		30 000	0
Hardanger Historielag- regionshistorie	0	-100 000		100 000	0
Stiftinga Herand Aktiesagbruk- nytt	0	-40 000		40 000	0
Osa Grendalag- restaurering av grendahus	0	-20 000		20 000	0
Ulvik Skulemusikklag- nye instrument	0	-50 000		50 000	0
Eidfjord Husflidslag- etablering av vevstove	0	-15 000		15 000	0
Granvin Ungdomslag- oppgradering av	0	-130 000		130 000	0
Utne Grannalag- oppgradering av	0	-100 000			-100 000
Grimo Idrettslag- sikre gamle namn i	0	-60 000		60 000	0
Grendahuset Sagatun, Aga- oppgradering forsamlingshus	0	-250 000			-250 000



## Notar 31.12.2013

Bygdahallen SA, Nå- kjøp av nye stolar	0	-88 000	88 000	0
Herand Grannahus- oppgradering av lagshus	0	-30 000	30 000	0
Voss Freestyleklubb- fyrstehjelpsutstyr	0	-12 000	12 000	0
Ulvik Idrettslag- trakkemaskin	0	-75 000	75 000	0
Grimo Handelslag- trivselstiltak ved sjøen	0	-42 000	42 000	0
Tyssealdskoret-jubileumsprosjekt	0	-100 000	100 000	0
Stiftinga Hardanger Kunstskule-etableringstilskot	0	-250 000	250 000	0
Voss Røde Kors- sambandsutstyr	0	-18 500	18 500	0
Hardanger Ungdomsråd-aktivitetshelg	0	-20 000	20 000	0
Hardangerrådet- grunnlovsjubileum	0	-200 000	200 000	0
Folkedal Ungdomslag- oppgradering av IL Solnut, Nå- fotballmål	0	-100 000		-100 000
	0	-35 000	35 000	0
Voss Utferslag- utstyr til lagslokale	0	-120 000	120 000	0
Husmannsplassen Kvemmadokkje,	0	-15 000	15 000	0
Eidfjord Røde Kors- oppgradering av lagerlokale	0	-25 000	25 000	0
Hardanger Big Band- innspeling av CD	0	-50 000		-50 000
Torjus Børsheim	0	-25 000	25 000	0
Vinjar Slåtten	0	-25 000	25 000	0
Åsne Ulvund	0	-25 000	25 000	0
Eli Gauden	0	-25 000	25 000	0
Ruben Aksnes	0	-25 000	25 000	0
Hanna Marie Thiesen	0	-25 000	25 000	0
Arnfinn Gursli Langesæter	0	-25 000	25 000	0
Gaute Kvåle	0	-25 000	25 000	0
Agatunet Venelag/ Stiftelsen Agatunet	0	-30 000	30 000	0
Stiftinga Ekstreme Voss- sykkelbane	0	-50 000	50 000	0
Benedicte Maurseth- bok om Knut Hamre	0	-40 000		-40 000
Eidfjord Skyttarlag- ombygging skytebane	0	-80 000		-80 000
Granvin Idrettslag- aktivitets-/idrettspark	0	-200 000		-200 000
Nordisk Fredsakademi- etablering av akademi-jonat.	0	-400 000		-400 000
Jondal Idrettslag- turstiar	0	-30 000		-30 000
Lions Club Norheimsund- sansehage for demente	0	-100 000		-100 000
Tørvikbygd Ungdomslag- nytt naudljosanlegg	0	-15 000		-15 000
Hardanger og Voss Museum- Turrell-skulptur	0	-200 000		-200 000
Odda Fotballklubb- kunstgrasbane	0	-200 000		-200 000
Hardangerrådet- Hardanger 2014	0	-200 000	200 000	0
Lothe & Alvsåker Indremisjon- el.piano**	0	-10 000	3 996 6 004	0
Utstillingsnemnda i Agatunet- ungdomskuleutstilling grunnlovsjubileet	0	-35 000	35 000	0
P/L reinsdyrlaget Folgefonn- kjøp av nye reinsdyr	0	-50 000		-50 000
Morellfestivalen- festivaltelt	0	-90 000		-90 000
Mathuset Grimo AS- treningssenter	0	-80 000	80 000	0
Nynorsk kultursentrum- utstilling	0	-200 000		-200 000
Haugesenteret				
Voss Røde Kors Hjelpekorps-pasientbåre	0	-31 172	31 172	0
Voss Idrettslag- rehabilitering lagshytte	0	-50 000		-50 000
Kløve Ungdomslag- musikkanlegg	0	-20 000		-20 000
Vossestrand Røde Kors	0	-10 000		-10 000

**Notar 31.12.2013**

Hjelpekorps-sambandsutstyr	0	-20 000			-20 000
Stiftinga Ekstremer Voss- eldrebuss	0	-70 000			-70 000
Stiftinga Ekstremer Voss- born- og ungdomsarrangement	0	-50 000			-50 000
Festival Voss- mobil kontorvogn	0	-50 000			-50 000
Sum	-2 215 000	-6 436 672	33 996	2 262 676	-6 355 000

\* = g aver som er tilbakef ort til g vefond p a ikkje gjennomf ort prosjekt

\*\*=del av g ve ikkje nytta, delbel p tilbakef ort til g vefond

# Sparebankstiftinga Hardanger

## *Styret si årsmelding for 2013*

### **Bakgrunn og føremål**

Sparebankstiftinga Hardanger vart skipa 1. november 2011 som følgje av at Sparebanken Hardanger vart slått saman med Sparebanken Vest.

Stiftinga sitt hovudføremål er :

- Vidareføra sparebank-tradisjonane blant anna gjennom å gje gåver til ålmennyttige føremål.
- Vera ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Vest.
- Syta for ein forsvarleg kapitalforvaltning av dei midlar stiftinga rår over.

### **Ålmennyttig verksemd**

Eit viktig mål med stiftinga er å vidareføra sparebankstradisjonane , blant anna gjennom utdeling av gåver til ålmennyttige føremål. Tidlegare Sparebanken Hardanger har gjennom åra vore ein viktig lokal støttespelar og bidrege med store gåver til lag og foreiningar. Gjennom gåveverksemda har banken vore med å vitalisera lag og foreiningar og med det også lokalsamfunnet.

Sparebankstiftinga Hardanger har som mål å vidareføra og forsterka banken sitt samfunnsengasjement. Ved å vera samfunnsbyggjande og langsiktig tek vi sikte på å verta ein viktig aktør i utviklinga av vårt lokalsamfunn.

Sparebankstiftinga Hardanger har som mål å bruka inntil 50 % av sitt overskot til ålmennyttige føremål.

I 2013 vart det delt ut gåver for i alt på kr. 6.436.672. Av dette er gåva på kr. 2.000.000 til Kinsarvik Idrettslag til oppføring av fleirbrukshall i Kinsarvik den klart største. I 2012 vart og gitt gåve på kr. 2.000.000 til same prosjekt. Til saman har då Sparebankstiftinga Hardanger bidrege med kr. 4.000.000 til dette prosjektet som så langt er det største og viktigaste prosjektet stiftinga har støtta.

Gåvene elles fordeler seg på 50 større og mindre prosjekt til i hovudsak lag og organisasjonar i Hardanger og på Voss.

Sparebankstiftinga har og ført vidare tradisjonen frå Sparebanken Hardanger med utdeling av kulturstipend til ungdom . I 2013 vart delt ut 8 stipend a kr. 25.000,00 til gåverike ungdomar i regionen innan kultur og idrett.

Det vert elles vist til oversikt over gåvene i note 8 i årsrekneskapen.

## **Eigarstrategi**

- Stiftinga skal vera ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Vest.

Grunnkapitalen til stiftinga er 150 mill.kr fordelt på 6 mill. eigarkapitalbevis i Sparebanken Vest kvar pålydande kr. 25.

Ved skipinga vart stiftinga i tillegg tilført 3.022.310 eigarkapitalbevis. I 2012 kjøpte stiftinga 582.084 nye eigarkapitalbevis . I 2013 selde stiftinga 1.000.000 eigarkapitalbevis. Stiftinga eig etter dette 8.604.394 eigarkapitalbevis. Dette utgjer 27,09 % av eigarkapitalbevisa i Sparebanken Vest og gjer stiftinga til den klart største eigaren i banken.

- Stiftinga har forventningar til økonomisk forsvarleg bankdrift og stabilt utbytte.
- Utøva styringsrett gjennom representasjon i styrande organ.

Stiftinga har i dag 3 representantar i representantskapet til Sparebanken Vest. Stiftinga sin styreleiar er og nestleiar i representantskapet til banken. Stiftinga har og mål om å bli representert i styret i Sparebanken Vest.

## **Forvaltning-/investeringsstrategi**

For å gjera stiftinga meir robust mot svingingar i aksjemarknaden samt og for å posisjonera stiftinga for moglege emisjonar i Sparebanken Vest har stiftinga i 2013 selt 1 mill. eigarkapitalbevis i Sparebanken Vest. Av disse hadde stiftinga teikna 582.084 eigarkapitalbevis i utbyttemisjonen i 2012 og 417.916 var eigarkapitalbevis som vart tildelte ved etableringa av stiftinga. Salet ga ein bokført gevinst på kr.4.537.042.

Regelverket for kapitalforvaltning gjev dei overordna retningslinene for å ivareta den del av kapitalen som ikkje står investert i eigarkapitalbevis i Sparebanken Vest. Kapitalen skal forvaltast på ein forsvarleg måte slik at det vert teke omsyn til risiko og tilfredstillande avkastning. Dette for å ivareta stiftinga sitt føremål.

Stiftinga har pr. 31.12.2013 investert 80,7 mill.kr. i ulike rente og obligasjonsfond. Disse investeringane vart gjort hausten/seinhausten 2013. Resterande kontante midlar på om lag 53,8 mill.kr.er plassert på særvilkår konto i bank.

Stiftinga har i 2013 nytta Tormod Vågenes i Sparebanken Vest Markets som finansiell rådgjevar.

Marknadsverdien av stiftinga sine eigarkapitalbevis i Sparebanken Vest pr. 31.12.2013 var 389 mill.kr. Bokført verdi var på kr. 304 mill.kr slik at det ligg ein ikkje bokført gevinst på 84 mill.kr knytt til eigarkapitalbevisa. Styret syner til note 1 i årsrekneskapen.

## **Økonomiske resultat**

Stiftinga fekk i 2013 eit årsresultat på 29,7 mill. kr mot 10,6 mill. kr. i 2012. Hovudårsaka til forskjellen i resultat var at stiftinga i 2012 berre fekk ½ utbytte på eigarkapitalbevisa i Sparebanken Vest.

Inntektene utanom utbytte på eigarkapitalbevisa i Sparebanken Vest på 24 mill. kr. består av renteinntekter på 2,6 mill. kr, verdistigning på obligasjonsfond på 0,7 mill. kr. og gevinst på sal av eigarkapitalbevis i Sparebanken Vest på 4,5 mill. kr.

Driftskostnadane for stiftinga utgjorde 2,1 mill.kr .

Styret gjer framlegg om at stiftinga sitt årsresultat på 29,7 mill.kr vert disponert slik:

Avsett til gåvefond 10,0 mill.kr

Avsett til anna eigenkapital 19,7 mill.kr.

### **Skatteforhold**

Skatt vest har i brev av 13.06.2012 lagt til grunn at stiftinga oppfyller vilkåra for å vera skattefri etter reglane i skattel. § 2-32,1.ledd.

I årsrekneskapen for 2013 er lagt til grunn at stiftinga framleis vert fritaken for skatteplikt.

### **Styrande organ**

Stiftinga sitt høgaste organ er generalforsamlinga som består av 16 innskytarvalde medlemmer og 3 medlemmer som er valde av Fylkesutvalet i Hordaland. Det er og valde 10 varamedlemmer blant innskytarane og 2 varamedlemmer valde av Fylkesutvalet i Hordland. Dei innskytarvalde vert valt av og blant kundane til Sparebanken Vest busette i ein av kommunane/herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang, Ulvik eller Voss.

Generalforsamlinga består i dag av 10 kvinner og 9 menn.

Leiar for generalforsamlinga er Jon Olav Heggseth med Synnøva Sæbø som nestleiar.

Styret består av 2 kvinner og 4 menn med Borghild Storaas Ones som leiar.

### **Administrasjon og administrative tilhøve**

Sparebankstiftinga Hardanger har kontor i Kinsarvik.  
Administrasjonen består av dagleg leiar Gunnar Skeie

Etter styret si vurdering er stiftinga si verksemd slik at den i liten grad ureina det ytre miljø.

### **Forskings- og utviklingsaktivitetar**

Stiftinga har ingen pågåande forskings- og utviklingsaktivitetar.

### **Framleis drift**

Føresetnaden om framleis drift er lagt til grunn i årsrekneskapen.

### **Arbeidsmiljø**

Selskapet har ingen tilsette utanom dagleg leiar. Arbeidsmiljøet er tilfredsstillande. Det har ikkje vore skadetilfelle i 2013.

### **Likestilling**

Styret praktiserer likestilling i samsvar med lover og reglar.

## Framtidsutsikter

Stiftinga sine inntekter er fullt ut basert på finansinntekter. Utviklinga i finansmarknaden vil derfor vera avgjerande for stiftinga sine inntekter.

Gjennom året bremsa veksten i norsk økonomi noko opp. Verksemdene rapporterte om mindre kapasitetsproblem og lågare vekst. Bustadmarknaden var prega av fallande prisvekst.

Arbeidsmarknaden utvikla seg og i noko svakare retning, men arbeidsløysa er framleis låg samanlikna med dei fleste andre land.

Norges Bank heldt styringsrenta uendra gjennom 2013. I siste rapport frå Norges Bank er spådd at renta først vil bli vurdert heva sommaren 2015.

Dei nye og strengare krava til eigenkapital for bankane vil truleg kunne påverka utbytteneivået negativt dei næraste åra. Fleire bankar har måtta kalla inn meir eigenkapital gjennom emisjonar. Så langt har det ikkje vore aktuelt for Sparebanken Vest.


Styret ventar ei tilfredstillande avkastning på stiftinga sin kapital i 2014.

## Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rettvisande bilete av stiftinga si eiga og gjeld, finansielle stilling og resultat.


Kinsarvik, 12.02.2014


### *Styret i Sparebankstiftinga Hardanger*

  
Borghild Storaas Ones  
Styreleiar

  
Per Berge  
Nestleiar

  
Vidar Riber  
Styremedlem

  
Torgils L. Jåstad  
Styremedlem

  
Turid Dagrun Haugen  
Styremedlem

  
Jakob Dyrkolbotn  
Styremedlem

  
Gunnar Skeie  
Dagleg leiar

Til styret og generalforsamlinga i

## Sparebankstiftinga Hardanger

### MELDING FRÅ REVISOR

#### Uttale om årsrekneskapen

Me har revidert årsrekneskapen for Sparebankstiftinga Hardanger, som viser eit overskot på kr. 29 775 893. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2013, resultatrekneskap og ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

#### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeida årsrekneskapen og for at den gjev eit rettvise bilete i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn naudsynt for å gjera det mogleg å utarbeida ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Me har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at me fylgjer etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å få tilfredsstillande tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhenta revisjonsbevis for tala og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane er avhengige av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftinga si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev eit rettvise bilete. Føremålet er å utforma revisjonshandlingar som er høvelege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er høvelege og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Me meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.



### *Konklusjon*

Me meiner at årsrekneskapen er i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvise bilete av den finansielle stillinga til Sparebankstiftinga Hardanger per 31. desember 2013 og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

### **Uttale om andre tilhøve**

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner me at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar me har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

«Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner me at leiinga har oppfylt plikta si til å syta for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

#### *Konklusjon om utdelingar og forvaltning*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar me har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner me at stiftinga er forvalta og utdelingar er føreteke i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektene elles.

Voss, 12. februar 2014

Åse Steen – Olsen  
Statsautorisert revisor